



Jo Asgeir Lie

Jo Asgeir Lie skal delta i fagjuryen for musikk.

Jo Asgeir Lie er rektor ved Ole Bull Akademiet på Voss. Han er også ein allsidig muskar og komponist. Han er i dag ein av dei mest markante utøvarane på trekkspel i Noreg, både som utøvar og som formidlar og pedagog. Gjennom snart 20 år har han vore med å prege utviklinga av norsk folkemusikk både gjennom eiga utøving, og gjennom administrativt virke.

Som utøvar har særleg folkemusikkgruppa Kvarts vore ein sentral del av virket hans, og med denne gruppa har han gjeve ut ni cd-ar og fått to spellemannprisar. Han er også ein mykje brukt studiomusikar innafor ei rekkje sjangrar, og har medverka på eit 30-tals innspelningar innafor ulike sjangrar.

Han har også skrive musikk for ei rekkje ensemble og prosjekt, og har ein produksjon som inneheld teatermusikk, liturgisk musikk, vokal- og instrumentalmusikk. Særleg er han kjend for arbeidet med å bruke folkemusikk i gudstenestesamanhang, og folkemusikkmessa frå Ål er eit av forslaga til nye liturgiar for Den norske kyrkja, og er mykje brukt rundt om i landet.

Jo Asgeir Lie er fødd og oppvaksen på Voss, men har sidan 1999 vore busett på Ål i Hallingdal. Han er utdanna ved Norges musikkhøgskole i Oslo, med trekkspel/ akkordeon som hovudinstrument. Han har klassisk musikk, folkemusikk og pedagogikk i fagkrinsen, i tillegg til studiar i komposisjon og musikkadministrasjon. Han tok hovudfag i folkemusikk i 1998 med trekkspelaren Oddvar Nygaard som emne.

Han er gift med trekkspelaren, dansaren og leiaren for Leveld kunstnartun, Ingunn Stræte Lie. Før han vart rektor ved Ole Bull Akademiet, var han kulturskulerektor på Ål frå 2000 til 2011.